

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
20.11.2024                      24/7306- 24

Saksnr.	Utval	Møtedato
28/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	27.11.2024

## Heildagsmøte rekruttering maritime næringar

### Vestlandsrådet - arbeidsutval 27.11.2024 - sak 28/24

#### Behandling

#### Vedtak:

Vestlandsrådet AU går inn for å arrangere eit møte slik det går fram av saka, med ei økonomisk ramme på inntil kroner 100.000,-.

#### Innstilling:

Vestlandsrådet AU går inn for å arrangere eit møte slik det går fram av saka, med ei økonomisk ramme på inntil kroner 100.000,-.

#### Bakgrunn

Forslaget er at Vestlandsrådet inviterer til eit heldags møte i Haugesund 22. januar, der fokuset vil vere rekruttering til dei maritime faga. Vestlandsrådet arrangerer dette i samarbeid med opplæringskontoret for maritime fag i Haugesund - Maropp - og Maritimt Forum.

Bakgrunnen for møtet er informasjon som kom fram under Maritim Uke i Haugesund, der Sjøforsvaret har signalisert behov for inntil 1500 offiserar dei neste åra, uten at dei private rederia har reduserte behov for rekruttering framover. Dette er ei utfordring for både

sjøforsvaret og private rederi, men også for skole og fagopplæring som må ha kapasitet til å ta ein solid andel av utdanningane.

Utfordringa med å rekruttere til maritim sektor kan ingen av fylka løyse åleine. Det samme gjeld sjølvstøtt også for andre yrker, men maritim næring blir ekstra påverka av at marinen no skal auke si rekruttering kraftig.

Administrasjonen har tatt kontakt med utdanningsdepartementet med mål om å få ein statssekretær, eventuelt statsråd, til å delta på møtet.

Frå fylkeskommunane vil trulig Fylkesdirektørane for videregående opplæring, leiar av fagskolen på fylkesnivå og leiar av fagopplæring vere interesserte i å delta. Av politiske aktører bør leiar av yrkesopplæringsnemnda og eventuelt opplæringsutvalet (og tilsvarende) i fylka inviterast.

### **Vurdering**

Vestlandsrådet er eit organ som skal dekke aktivitet på tvers av de tre fylka på Vestlandet. Tema for møtet er klart relevant på tvers av fylka og det er lite trulig at fylka kvar for seg kan klare å møte utfordringa.

### **Økonomiske konsekvensar**

Vestlandsrådet vil dekke utgiftene til forelesarar, møterom og serveringer i møtet. Foreløpig er det tenkt at ei ramme på 100 000 kroner vil vere nok. Ein tek sikte på at få av forelesarane vil få honorar og at det for det meste er snakk om å dekke flybillettar og hotellovernatting. Ein tek sikte på at deltakarane dekkjer hotellrom og betaler for mat.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør